

## → MAKRO

# Oljenasjon av Opecs nåde

Noreg og Opec er i same båt. Vinden som fyller segla er den same.

## Gjesteskribent

**KLAUS MOHN**

PROFESSOR, HANDELSHØGSKOLEN VED UNIVERSITETET I STAVANGER OG NHH



**SOM OLJENASJON** er Noreg på sett og vis eit barn av Opec. Heilt sidan 1970-talet har prissamarbeidet i Organisasjonen av oljeproduiserande land gitt kjærkomen støtte til framveksten av olje- og gassverksemda i Noreg. Med oljeprisar på verdsmarknaden som samsvarer med kostnaden i produksjonen i Midtausten, ville Noreg neppe vore ein oljenasjon.

I ein viss forstand er dermed Noreg og Opec i same båt, med ei felles interesse for rimeleg høg og stabil oljepris. Vinden som fyller segla for Noreg og Opec er den same. God bør for oljeprissamarbeidet har gitt medvind for norsk økonomi, medan motvind for Opec gjerne kjem til uttrykk som sjokk og bølger via norsk olje- og offshoreverksemd.

Ei kraftig påminning om dette fekk me for nøyaktig eit år sidan, då Opec kom til at dei ikkje lenger ville bremse oljeproduksjonen sin for å gi rom for ny skifer-olje frå USA. I staden kasta ein korta, auka produksjonen og overlét danninga av oljeprisen til marknaden. Resultatet kjenner me så altfor godt. Oljeprisen er halvert, og norsk økonomi er inne i det mest alvorlege tilbakeslaget sidan finanskrisa i 2008-2009.

**DET SISTE OPEC-MØTET** i førre veke let det til at færre har fått med seg. Her var avgjerda her var at strategien skulle ligge fast. Avgrensingar i produksjonen er fortsatt ikkje på agendaen, og Opec legg til grunn at etterspurnaden vil absorbere ny produksjon frå Iran og etter kvart frå Irak. Aktørane i oljemarknaden er ikkje overtydd, og har difor sendt oljeprisen kraftig ned både for i dag og for framtida.

Lågare oljepris vil gi redusert kontantstraum for oljeselskapa, og om dei fortsatt vil halde utbyttet oppe og gjelda nede, inneber dette at investeringar og andre utgifter no må kuttast enno meir. Resultatet er at utsiktene for den norske olje- og gassverksemda går frå vondt til verre, i alle fall på kort sikt. Utviklinga i oljemarknaden gjennom den siste veke er dermed nok ei påminning om at Opec fortsatt har ei rolle å spele utviklinga i norsk økonomi.

**MEIR FUNDAMENTALT TYDER** utviklinga i oljeetterspurnad og tilbod på at den langvarige oppgangen i oljeprisen sidan årtusenskiftet no er broten. Olje- og gassverksemda går frå å være vekstmotor til å bli ein bremsekloss. Det oljerelaterte omslaget kjem på toppen av eit strukturelt brot i den årlege trendveksten for norsk økonomi, som har falt frå rundt 3 prosent til like over 2 prosent dei siste åra. I kraft og karakter er dermed denne konjunkturedgangen annleis enn tidlegare.

Eit særtekk ved tilbakeslaget er i tillegg at det rammar ulike delar av landet svært ulikt. Tapet av arbeidsplassar er konsentrert i landsdelar med tung eksponering mot olje- og gassverksemda. I korte trekk gjeld dette kystlinja frå Kristiansand til Kristiansund, medan andre delar av landet ser



**AVGJØR:** Opec spiller fortsatt en rolle for norsk økonomi.

mindre til motgangen.

Situasjonen reiser dermed store utfordringar for tilpassinga av den økonomiske politikken. For det første skal ein balansere omsynet til motkonjunkturpolitikk mot omsynet til langsiktig omstilling. For det andre er behovet for stabilisering skeivt fordelt, med ei skarp auke i arbeidsløysa på Vestlandet, og mindre utslag i resten av landet.

**SOM FØRSTELINJEFORSVAR** har pengepolitikken gjort jobben. Rentereduksjonen er på sin plass, og sett fart i omstillinga av økonomisk aktivitet frå olje- og gassnæringa over mot meir tradisjonelle konkurranseutsette verksemdar i fastlandsøkonomien. Men med felles valutakurs og renter over heile landet, gir ikkje pengepolitikken rom for regional differensiering.

## « Avgrensingar i produksjonen er fortsatt ikkje på agendaen

Desto meir kompleks blir utfordringa for finanspolitikken. Om oljeprisfallet er varig, så har oljeprisfallet gjort Noreg mindre rikt. Dette peiker mot meir varsemd i omgangen med offentlege utgifter, og atterhald for veksten i offentlig sektor. Samstundes har finanspolitikken ei rolle å spele for å halde arbeidsstyrken ved lag, slik at arbeidsløysa ikkje bit seg fast på eit høgt nivå. I tillegg kjem at finanspolitikken ikkje bør bli altfor ekspansiv,

## Vårt økonomipanel skriver hver uke om makroøkonomi, markeder og økonomisk politikk:

5. desember: **Frank Jullum**

Lavere trendvekst – hva vil det bety?

28. november: **Erlend Lødemel**

Sentralbanksjefens drøm

21. november: **Kari Due-Andresen**

Mot normalt

14. november: **Halvor Mehlum**

Pengepolitikken politiske økonomi

7. november: **Erik Bruce**

Omstilling gir høyere ledighet

31. oktober: **Egil Herman Sjørnsen**

Spekulasjon og aktivaklasser

24. oktober: **Øystein Børsum**

Trangsynt inflasjonsstyring

17. oktober: **Jan Andreassen**

En ubehagelig pause

10. oktober: **Shakeb Syed**

Kapital – mangelvare igjen?

3. oktober: **Kyrre Aamdal**

Bør holde igjen



## → SKATT



FOTO: NTB SCANPIX

for då kan han bremse omstillinga me no treng for å løyse dei strukturelle utfordringane knytt til tilbakeslaget.

På toppen av dette kjem den regionale dimensjonen. Med einsretting av pengepolitikken er det i finanspolitikken ein må sjå etter tiltak som kan målrettast mot spesielt trengande regionar. Difor ser me no at offentlege investeringar no blir prioritert og forsert i regionar som er spesielt råka av det oljerelaterte tilbakeslaget. Paradoksalt nok kan dette innebære at dei regionane som no har størst trong til omstilling vil få best tilgang til offentlege midlar som i sin tur kan bremse omstillinga.

**RIKDOM HAR KONSEKVENSAAR.** Forskning og erfaring har vist at overforbruk av ekstraordinære inntekter kan undergrave konkurransevna og det langsiktige vekstpotensialet. Dermed blir det viktig å sikre at staten sine utgifter ikkje gir den oppblåsinga av norsk økonomi som Oljefondet i utgangspunktet skulle verne oss mot.

Opec si rolle i oljemarknaden er ein viktig faktor bak ressursrikdommen i Noreg. Med utsikter til låg oljepris, reduserte inntekter frå olje- og gassverksemda og omstillingsbehov for næringslivet blir det spesielt viktig at den ressursbaserte finansformuen blir forvalta med omhug.



FOTO: BREASTIME

**HARDE PAKKER?** Aksjegaver under juletreet kan overføres vederlagsfritt eller ofte til underpris.

## Aksjegaver under juletreet

Julen nærmer seg. Mange familier benytter anledningen til å gjennomføre generasjonsskifte i form av vederlagsfrie overføringer av aksjer til barna. Aksjene overføres vederlagsfritt – eller ofte til underpris.

### Gjesteskribent

**TROND ERIK ANDERSEN**  
ADVOKAT, ANDERSEN LAW



**VED GAVE DIREKTE** til barna overtar barna foreldrenes inngangsverdi. Ved slike gaveoverføringer gjelder kontinuitetsprinsippet. Dette innebærer at arving eller gavemottaker overtar foreldrenes skattemessige inngangsverdi og skjermingsgrunnlag på aksjene. Ved et senere salg vil gevinst eller tapsberegningen ta utgangspunkt i denne inngangsverdien.

Mange foreldre har lurt på om slike gaver vil kunne utløse beskatning etter at arveavgiften ble opphevet fra 1. januar 2014.

**I EN UTTALELSE** fra Skattedirektoratet høsten 2014 legges det til grunn at også slike gaveoverføringer ikke har noen skattemessige konsekvenser for foreldrene. På et senere tidspunkt kan aksjene selges skattefritt etter fritaksmetoden fra barnas aksjeselskap og først når barna tar ut gevinsten i form av et utbytte blir de skattlagt for uttaket.

Det samme vil gjelde i de tilfeller hvor foreldrene selger aksjene til kostpris til barnas aksjeselskap. I den nevnte uttalelsen gjaldt saken en far som ønsket å selge sine aksjer til sin sønns aksjeselskap. Aksjene skulle selges til et vederlag lik farens skattemessige inngangsverdi. Det forelå således skattemessig realisasjon, men siden vederlaget var lik farens inngangsverdi, medførte salget ingen gevinst.

Skattedirektoratet mente det forelå et interessefelleskap mellom selger og kjøper, men at dette ikke var tilstrekkelig til å skattlegge faren for gaveelementet. Det måtte foreligge noe mer. Ved denne vurderingen la Skattedirektoratet vekt på at når arveavgiften ble borte og det ble innført et kontinuitetsprinsipp, var det kjent for lovgiver at aksjer ofte overføres fra foreldre til barns aksjeselskap ved gaver eller gavesalg. Siden det likevel ikke ble innført noen begrensninger, var det ikke grunnlag for å beskatte far for gaveelementet.

**DET KAN FOREKOMME** situasjoner hvor skattemyndighetene vil hevde at reglene om ulovfestet gjennomskjæring kommer til anvendelse på slike gaver.

Et eksempel på dette kan være at far har en negativ inngangsverdi på sine aksjer og velger å gi bort aksjene til sønnens aksjeselskap. Ved å gi bort aksjene i stedet for å selge, kan far dermed unngå å måtte ta den negative inngangsverdien til beskatning. Her legger Skattedirektoratet til grunn i en uttalelse fra desember 2012 at dersom det fremtredende motivet ikke er forretningsmessig kan det være nærliggende å vurdere beskatning av faren.

I de tilfeller hvor far i stedet gir bort aksjene til sitt eget aksjeselskap eller selger de til en pris under markedsverdi, så foreligger det ikke lenger noe gavepreg over transaksjonen. Her er det sikker praksis på at far vil bli skattlagt som om han hadde fått fullt vederlag for aksjene.

I de tilfeller hvor de aksjene som skal gis bort eies av fars aksjeselskap, vil vi stå overfor en uttakssituasjon. Siden fritaksmetoden gjelder for aksjeselskaper vil selve uttaket av aksjene fra selskapet ikke medføre noen beskatning av selskapet.

**FAR VIL DERIMOT** bli skattlagt for uttaket i form av utbyttebeskatning. Sønnen eller sønnens aksjeselskap vil motta en gave og således ikke bli skattlagt. Dette er omhandlet nærmere i en bindende forhåndsuttalelse fra 2009.

Vi har videre flere uttalelser hvor det har blitt akseptert at gaver fra aksjeselskaper ikke er å anse for å være et utbytte for aksjonæren. Ved å gi gaven direkte fra selskapet, så slipper aksjonæren først å bli skattlagt for uttaket i form av utbytte, for siden å gi bort nettoen til mottaker. Gavebeløpet ville jo da bli redusert med skattesatsen for utbytte som i dag er 27 prosent.

Eksempler på tilfeller som er akseptert er gave på 1,5 millioner kroner til svømmehall, gave på 2,5 millioner kroner til ideell stiftelse osv.

Begrunnelsen er her at slike gaver fra et aksjeselskap til allmennyttige formål, vil normalt ikke hovedsakelig være vederlagsfri overføring til aksjonæren. Slike gaver går derfor normalt ikke inn under utbyttebegrepet i skatteloven.